Årsmelding frå lokallaget.

Utdanningsforbundet Bømlo har per 06.03.2020 461 medlemmer, 64 medlemmer i barnehage, 237 i grunnskule og vaksenopplæring, 39 i vidaregåande skular, 17 medlemmer i FAS/ Kyrkjeleg fellesråd/ kommunale verksemder og 103 pensjonistar. I tillegg har me 9 medlemmar på Bømlo folkehøgskule. Dei er dobbeltmedlemmer med Samnemnda for Folkehøgskulane.

Styret var samansett slik fram til 01.08.2019:

Leiar/kasserar:	Karine Nesse
Nestleiar /sekretær:	Tore T Hansen
Styremedlem:	Ellen M Thorland
Styremedlem:	Tor Gunnar Halleraker
Styremedlem:	Eline Lindøe Nitter
Styremedlem:	Silje Slagstad Bjørkheim
Styremedlem:	Ida Sjøvangen Steinsland
Styremedlem:	Maryann K Steinsbø
Styremedlem:	Hans Gunnar Skreslett
Vara-medlemmer:	1. Solbjørg Eide Vik
	2. Linda Aga Legøy
	3. Brynhild Fylkesnes

Frå 01.08.2019 har styret for Utdanningsforbundet Bømlo vore samansett slik:

Leiar/kasserar:	Karine Nesse
Nestleiar /sekretær:	Tore T Hansen
Styremedlem:	Gerd Turid Ersland Røksund
Styremedlem:	Tor Gunnar Halleraker
Styremedlem:	Eline Lindøe Nitter
Styremedlem:	Silje Slagstad Bjørkheim
Styremedlem:	Ida Sjøvangen Steinsland
Styremedlem:	Hilde Hoff Andersen
Styremedlem:	Hans Gunnar Skreslett
Vara-medlemmer:	1. Solbjørg Eide Vik
	2. Linda Aga Legøy
	3. Heine Larsen

Styret har representantar frå desse medlemsgruppene: grunnskule, barnehage, vidaregåande og leiarar. Vara-medlemmer går inn i verva når faste medlemmar ikkje kan møta.
Utdanningsforbundet Bømlo (UDF Bømlo) har kontor i rådhuset, 1. etasje. Kontoret er i 2019/20 bemanna frå tysdag til og med fredag.
Me har hatt 9 styremøte i 2019 og har handsama 72 saker. Møta har vore på kveldstid på Bremnes ungdomsskule, og styremedlemmer utan frikjøp får møtegodtgjersle. Samarbeidet med dei ulike medlemsgruppene har vore godt gjennom styremøta. Tor Gunnar Halleraker er kontaktperson for pensjonistane og bindeledd til Hordaland pensjonistlag.

Saker gjennom året

- Medlemspleie
- Årsmøte og fylkesårsmøte
- Nettverk for barnehagetillitsvalde
- Tariffhøyring
- Hovudtariffoppgjeret i KS, PBL, KA og Virke
- Lokale lønsforhandlingar i kapittel 3 og 5 KS- området
- Klubbesøk til skular, vidaregåande og Bømlo Folkehøgskule
- Besøksrunde i barnehagane i samband med Barnehagedagen
- Bemanningsnorm og pedagognorm i barnehage
- Ny overordna del av læreplanen og fagfornyinga
- Kommunevalet
- Pilotprosjekt i vidaregåande skule
- Arbeidstid i barnehage og skule
- Medlemsmøte
- Leiarforum for skule
- GDPR og nye rutinar
- Saker frå medlemsgruppene
- Verving og rekruttering av plasstillitsvalde
- Budsjett i Bømlo kommune
- Trepartssamarbeid og samarbeid med politisk miljø
- Nettverk for tillitsvalde i Sunnhordland
- Ny arbeidsgivarpolitikk i KS
- FOS
- Medlemspleie m.a. gjennom Facebook-sida vår
- Høyringssvar
- Vi utdanner Norge
- Organisering av Utdanningsforbundet Vestland
- Rekneskap, budsjett og økonomi
- Aktivitetar i lokallaget
- Møteplan
- Handlingsplan lokallaget
- Evaluering av styrearbeidet

Barnehagane

Det er åtte barnehagar i drift på Bømlo. Desse er alle private og har tariffavtalar i PBL. Me var på besøk i barnehagane i første del av 2019 i samband med Barnehagedagen i mars. Då hadde me oss bøker. Me vert alltid tekne godt i mot når me kjem ut. I tillegg inviterer me oss ut på klubbmøter og tilbyr å møta i samband med personalsamlingar.
Me har fokus på verving av plasstillitsvalde og medlemmer. Dette arbeidet har bidrege til at me i 2019 har fått fleire nye medlemer i barnehage. Det er gjennom tett oppfølging frå tillitsvalde at medlemmer opplever det som nyttig og viktig å engasjere seg – det gjeld på alle plan i organisasjonen. Målet er tett kontakt med barnehagane slik at me kan vite kva som rører seg, vere synlege, bistå medlemmer og tillitsvalde i saker som gjeld arbeidstilhøva. Me manglar tillitsvald i Langevåg barnehage og arbeider vidare for å få dette på plass.

Me hadde samling i nettverket for dei tillitsvalde i barnehage i juni og november. Solfrid Furre frå fylkesstyret med. Strukturen med minst to samlingar i året er innarbeidd og tillitsvalde opplever at dei kan bistå kvarandre i tillitsvaltrolla. På samlingane drøftar me aktuelle saker og deler erfaringar som plasstillitsvalde. 14 saker var oppe til drøfting i fjor. I vår hadde me felles medlemsmøte for Sunnhordland på Sykkel og Kaffi med besøk frå fylket. Lokallaget hadde saman med andre lokallag i Sunnhordland ansvar for TV1 – første tillitsvalt kurset på ein dag. Dei tillitsvalde viser stort engasjement og vilje til å arbeide for medlemsengasjementet i klubbane. Lokallaget ønskjer å bistå best mogleg i dette viktige arbeidet. I tillegg til tillitsvaltsamlingar og opplæring lokalt, har det vore gjennomført regional skulering på Stord. Viktige saker i sektoren har vore ny pensjon i PBL, hovudavtalen, ny barnehagelov, medråderett, arbeidstid, ny bemannings- og pedagognorm og tilsetjingar. Organisasjonsengasjementet blant medlemer og tillitsvalte aukar i lokallaget vårt. Dei stiller opp på samlingar, møter og kurs og er aktive på verving. Me har gode tillitsvalde som arbeider godt ilag. Dette ser me svært positivt på.

Grunnskule

Arbeidet i grunnskule kviler på arbeidet i klubbane på kvar arbeidsplass. Lokallaget ønskjer å styrkja aktiviteten i klubbane, slik at engasjementet hjå medlemmane har ein arena for drøfting. Medlemane i denne sektoren er engasjerte i ressursar i høve til IKT og digitalisering, mobilskule, BTI, likskapar og ulikskapar i kommunen, tilsetjingar, økonomi, praktiske fag med meir. Etter- og vidareutdanning og kompetanse skapar engasjement og er viktig for gruppa. Vikarutfordringar og bruk av fag- og ufaglærte er ein viktig del av dette engasjementet. Fagfornyinga, lokale forhandlingar, budsjett og arbeidstidsavtalar er andre saker me samarbeider med dei tillitsvalte i grunnskule om.

Leiarar i lokallaget:

Me skipa i 2019 til leiarforum i januar, april og oktober med tema som arbeidsmiljø og avtalar med innleiarar frå fylkesstyret og kontoret i Bergen. Me har også hatt leiarforum for barnehage med besøk av Solfrid Furre frå fylkesstyret. Saker som engasjerer desse medlemane er blant anna løn og lokale forhandlingar, arbeidsoppgåver og arbeidsvilkår, arbeidsmiljø, ressursar, IKT og digitalisering, kurs og opplæring. Like utfordringar og oppgåver for dei ulike rollene i leiargruppa, gjer at me prøver å ha fleire større, felles forum slik at leiarane treff kvarandre på tvers. Elles er medlemane i gruppa i aukande grad engasjerte i organisasjonen og på møta og viser vilje til og set pris på å treffast.

Vidaregåande

Vårt styremedlem Tor Gunnar Halleraker er regionstillitsvald og han sit også i pilotprosjektgruppa som arbeider med nye BVS. Pilotprosjektet har vore tema på styremøta våre i 2019. Lokallagsleiaren vart invitert med på regionssamling for vidaregåande på Stord i haust. Elles er samarbeidet teke i vare gjennom at plasstillitsvalde sit i lokallagstyret. Bruk av digitale verktøy og læremiddel, overgang til Vestland, yrkesfagreforma, arbeidstid, bortteljing av timar og fråversgrense er mellom sakene som har vore drøfta.

FAS:

Lokallaget har no fått klubbleiar innanfor området i løpet av året. Det er me særs nøgde med. Ho tek no TV-opplæring og er med på tillitsvaltsamlingar for grunnskule. Lokallagsleiar og hovudtillitsvalt har vitja arbeidsplassen i vår.

Tariffoppgjeret 2019:
KS og UDF var einige 23.5. Unio sine medlemer, altså universitets- og høgskulegruppene (gruppe 2), fekk samla ei ramme på 3,46 prosent. Alle fekk eit sentralt tillegg på mellom 14 000 og 20 000. Oppgjeret i PBL var klart 26.8. Lønsauken var som med samanliknbare oppgjer og på nivå og linje med tilsette i kommunane. I KA vart partane samde 25.6 og ramma blei lik den i stat og kommune. Den 21.6 var dei einige om løn i Virke. Her blei det eit økonomisk resultat på linje med oppgjera for medlemene i stat, kommune og Spekter. Me har medlemer herifrå på Bømlo folkehøgskule.

Medlemsmøte
Børge Skåland hadde føredrag om vald og trugsmål i februar på Stord kulturhus. Det var pensjonisttreff på HVL på Stord i vår og haust arrangert av pensjonistlaget til Stord. Me hadde medlemsquiz i mai på HiSio med godt oppmøte. Me har delteke på quiz på Arena på Stord i vår og haust. I oktober sette me opp medlemskino med filmen «Barn», og dette var suksess. Det var kveldsseminar i på Hotel Terminus i Bergen om barnehagelærarrolla i april der me var fleire som reiste og dette var også tema på medlemskveld for barnehage på Sykkel og kaffi på Leirvik i april. Lokallaget har blitt invitert på medlemsmøte på Stord om fylkesårsmøte og om landsmøte. Me skulle hatt medlemsmøte for heile lokallaget med Ragnhild Lied i oktober, men dette måtte avlysast.

Politisk påverknadsarbeid
Gjennom året har me kontakt med lokale og fylkes-politisk miljø for å påverke i saker som er viktige for våre medlemsgrupper. Dette gjeld saker som bemannings- og pedagognorm, bruk av ukvalifiserte i undervising, budsjett, skulebruksplan, kompetanse m.m. Verdiargumentasjonen blir henta frå Profesjonsetisk plattform, og me opplever at argumenta våre i stor grad vert lytta til. Det er i så måte ei positiv utvikling på samarbeidet. Me deltek i dialogmøte og sender innspel til politikarar når saker skal opp til handsaming. Me opplever dialog og det er positivt.

Tilskot til klubbarbeid
Styret har vedteke eit tilskot på minimum 100 kr per medlem per år til klubben. Dette er i tråd med vedtektene i organisasjonen (minimum 70 kr) og signal frå Landsmøtet 2019 om styrking av grasrota i organisasjonen.

Medlemspleie:
Styret har vedteke at medlemmer som fyller 50 år får eit gåvekort frå lokallaget til ein verdi av 500 kroner. Det er tillitsvalde på arbeidsplassen som har ansvaret for at dette vert gjort. Styret har vedteke at medlemmer som går av med pensjon får ein tursekk med helsing og nyttig informasjon om medlemskapen som pensjonist og informasjon frå Hordaland pensjonistlag. Tillitsvalde på arbeidsplassen har ansvar for at dette vert gjort. Klubbar på arbeidsplassar med nybygg har fått ei blomehelsing. Det blir sendt fruktkorger til alle klubbane før jul.

Støtte til andre organisasjonar
Bømlo skulemuseum:

UDF Bømlo er medeigar i Bømlo skulemuseum på Katla. Gunvor Stautland er kasserar og vår representant i styret.

Årsmelding for 2019

Bømlo skulemuseum på Skinnhueneset på Goddo er eit privat lag som er oppretta av kulturhistoriske interesser på Bømlo.

I styret sit:

Leiar: Solfrid Ytrøy. nestleiar: Mildrid Klubben. Desse representerer Goddo grendalag og Fiskarkvinnelaget Nordstjerna.

Kasserar: Gunvor Stautland, **styremedlem**: Gullaug Balevik Nesse . Desse representerer Utdanningsforbundet Bømlo

Styremedlemmer elles: Lillian Klubben, Grete Torkelsen. Desse representerer Erevik grendalag

Me har brukt pengar på drifta (straum og forsikring).
Som planlagt har me grusa og ordna tilkomstveg og parkering.

Elektrikar har gitt pålegg om å skifte ledningar inne i huset. Det vil kome på ca k 10.000,-.
Elles planlegg me kjøp av varmepumpe for å få jamn varme og kutte ut oljevarmeomn

Me søkjer om støtte frå ulikt hald når me har prosjekt på gang. Utdanningsforbudet Bømlo, Finnås Kraftlag og Erevik Grendalag er gode støttespelarar.

Aktivitet: Museet har vore ope kvar søndag i juli mnd. frå kl 14 til 17. Kaffi og vaflar.
Forbausande mange kom innom: born, vaksne, lokale folk og tilreisande.

"Gammal skuleveg - over stokk og stein" blei arrangeret frå Katla til museet, fyrste søndag i april.
Gratis buss frå krysset v/ Skinnhueneset til Katla. Surt ver.
Omlag 20 gjekk turen. Starta kl 11 om føremiddagen

Me har annonse i Bømlo-Nytt. Det gjer at me får god omtale i avisa!!
Ulike lag og privatpersonar besøkte og museet.
Me er med i Folkeakademiet.
Nokre i styret gjer dugnad i og utanfor huset og langst "gammal skuleveg"
Plan for 2020: Skifte el.ledningar og kanskje kjøpe vamepumpe

Medlemmene i Utdanningsforbundet Bømlo må gjerne ta kontakt om bruk av gamleskulen!

Helsing Gunvor

Fylket

Lokallaget har tett kontakt med Utdanningsforbundet Hordaland. Skulering av tillitsvalde sikrar god oppfølging i alle medlemsgrupper. Kurs vert haldne både på fylkes- og på regionsnivå. Det var regionale skuleringar på Stord i vår. Lokallagsleiarane har samlingar i Bergen eller Kokstad/Sandsli. Me ser at ein stadig større del av arbeidet i lokallaget går på oppfølging av saker innan PBL-tariffområdet. Her er tett kontakt med fylkesnivået avgjerande. Fylkeslaget har eigen rådgjevar på dette, Elin H. Gravdal, og Solfrid Furre i fylkesstyret har god kompetanse på PBL. Ut over kontakten med fylkeslaget, er lokallaget ein del av eit nettverk av lokallag i Sunnhordland, med samlingar om lag fire gongar i året. I

nettverket sit representantar for fylkesstyret. Nettverket drøftar overordna saker som ressursar, lønspolitikk, arbeidstid, profesjonsetikk og kommunereform, og regionale saker som FOS. Me har gjennom året samarbeida på tvers av kommunegrensene om ulike medlemsmøte. Etter den nye tillitsvaltopplæringa kom, har me også laga til ei felles skulering i Sunnhordland for den første delen av opplæringa. Elles skipar Utdanningsforbundet Stord til Medlemsquiz på Arena nokre gongar i året og inviterer dei andre lokallaga i Sunnhordland til å stilla med lag. Det er alltid med fleire lag frå lokallaget på Bømlo.

Årsmelding frå Hovudtillitsvald kommune

Tore Trøiel Hansen - hovudtillitsvald og Karine Nesse - vara-hovudtillitsvald.
Som hovudtillitsvalde for dei kommunalt tilsette i UDF har me arbeidd med følgjande:

Medråderettsmøte med kommunalsjef:
HTV og vara-HTV har medråderettsmøte med Bjørn Håvard Bjørklund. Skulefagleg rådgjevar Kristine Sætre er med på møta. Kommunalsjefen kallar inn til møta og skriv referat. Det har vore gode drøftingar.

Saker me har drøfta er:

- Lov- og avtaleverk, m.a. SFS 2213.
- Lønspolitikk, tariffoppgjer
- Budsjett, revidert budsjett, rammevilkår, økonomi, Kostra og GSI
- Kompetanse: vidareutdanning, kompetanseplan, kompetansetillegg, lærarspesialistar.
- IKT-satsinga i Bømloskulen
- Nettverk nyutdanna lærarar.
- Vikarpoolstilling
- Rammetimetal
- Tilsetjingar
- Lærarnorm
- IA-arbeid og HMS-plan
- Skuleruta
- Arbeidsvilkår og arbeidsmiljø: IA-arbeid generelt. Sjukefråver. Kommunale planar, (t.d. kommunedelplan) avtalar, rutinar og prosedyrar m.a. for sjukefråversoppfølging
- Fagfornyinga
- BTI
- 9A
- Tilstandsrapporten for skulen på Bømlo, resultat frå nasjonale prøvar, Ungdata, elevundersøkinga mm.
- FOS

ATG-møter
Me har månadlege møter for dei tillitsvalde i alle grunnskulane. Slik kan me drøfta saker som medlemmene ved skulane er opptekne av, og me kan gje informasjon frå sentralt hald. Oppmøtet er godt. Me har hatt 9 møter i 2019, og handsama 62 saker.

Saker me har drøfta:

- Arbeidstid
- Tilsetjingar
- Kompetanseplan og vidareutdanning
- IA-arbeid i Bømlo kommune, sjukefråver og avviksmeldingar, medråderett
- Personvernforordning
- Medråderett – klubbarbeid
- Kommunebudsjett
- Kommunale satsingar t.d. språkkommune, Inkluderande skule og barnehagemiljø.
- Fagfornyinga.
- Skuleruta
- Organisasjonsarbeid: medlemspleie, fordeler, verving, møter mm
- Livsfaseorientert personalpolitikk, seniorpolitikk
- Lønspolitisk plan
- Arbeidsgjevarpolitikk
- Tariff og tariffoppgjeret
- Funksjonar
- Lokale forhandlingar
- Pensjon

Me har vore på besøk i alle klubbane det siste året. Her snakka me om arbeidet til Utdanningsforbundet Bømlo, aktuelle saker i fylket, etterutdanning og kompetanseheving, medlemsføremoner, kva gjer ein når ein møter utfordringar på arbeidsplassen. Me snakka og om arbeidstid og tariff.

<u>FAS</u>

Dei fleste medlemmene våre innan FAS finn me i Barne- og familietenesta, nærare bestemt på PPT. Me har dette året fått ein plasstillitsvald ved tenesta.

<u>Lokale forhandlingar 2019</u>

Det vart gjennomført lokale forhandlingar i kapittel 3 og 5 (KS). Resultat samla for våre medlemmer i kapittel 3 vart 3%, medan kapittel 5 enda på eit samla tillegg på 3.3 % med verknad frå 1.5.2019. Det er likevel store utfordringar med lite spenn i lønsstegen- ein går lite opp i løn på å bli rektor, jamfør å vere mellomleiar. Lønsstatistikken for Bømlo kommune syner at kvinner tener mindre enn menn i same lønskapittel.

<u>Kommunalt planarbeid</u>

Utdanningsforbundet Bømlo er med i fleire partssamansette grupper og innan planarbeid:
-Plan/ oversiktsdokument om folkehelse: HTV sit som tilsettrepresentant i Folkehelseforum.
-Lønspolitisk plan for Bømlo kommune, vert gjennomgått årleg, og me har spela inn forslag til revisjon.
- Inkluderande barnehage og skulemiljø: HTV har vore med i arbeidet med denne satsinga.
-To-partsmøte: Rådmannen/personalsjef har drøftingsmøte med hovudtillitsvalde for alle organisasjonane ein gang i månaden. Her handsamar ein saker som forhandlingar, drøftingar og informasjon etter HA, slik som overordna løns- og personalpolitikk.
- HTV har vore med i arbeidet med ny arbeidsgjevarpolitikk i kommunen.
- HTV sit i styringsgruppa for kommunedelplan oppvekst.

Samarbeid med andre hovudtillitsvalde

Det er faste møter mellom alle hovudtillitsvalde i kommunal sektor. Rådmannen/personalsjef kallar inn til to-partsmøte i etterkant av desse samlingane. Me drøftar aktuelle saker som gjeld alle arbeidstakarane i kommunen. Møta er no formalisert, og samarbeidet er nyttig. HTV kallar inn og leier i stor grad møta. Organisasjonane har større tyngde når ein løftar saker der ein står samla.

Samarbeid med hovudverneombod

Me samarbeider i saker som gjeld arbeidsmiljøet. Samarbeidet er godt. Hovudverneombodet er med på deler av medråderettsmøta med kommunalsjef. Me samarbeider og om saker til partsamansette møter og til AMU.

Arbeidsmiljøutvalet

Utdanningsforbundet har ein representant i AMU. Utvalet har møter fire gonger i året. Saker som gjeld arbeidsmiljøet blir drøfta, både på generelt og overordna nivå, systemnivå og meir konkrete saker. Fleire saker blir løfta opp i utvalet. Døme er avvik og handtering av vald og trugsmål, trivselstiltak, sjukefråver og HMS handlingsplan.

Rekneskap 2019

Utdanningsforbundet Bømlo

06.03.2020

Rekneskap 2019. Budsjett 2020

1219

	RESULTAT	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Budsjett 2020
	INNTEKTER			
3290	Kontingentinntekter FY/LOK	-329 102	-334 594	-334 594
3910	Andre driftsinntekter (fri)		-500	
3990	Refusjon SPK-midler	-8 000	-6 219	-6 000
	Sum Driftsinntekter	**-337 102**	**-341 313**	**-340 594**
	KOSTNADER			
5017	Møtegodtgjøring uten feriepenger	20 000	17 000	19000
5239	Telefondekn.i form av lønnsytelse	12 000	12 000	12000
5315	Honorar utan feriepenger	25 000	1 500	3000
5400	Arbeidsgiveravgift	8 000	4 400	5500
	Sum Lønnskostnader	**65 000**	**34 900**	**39 500**
6540	inventar, innkjøp	0	0	0
6550	Kontorteknisk utstyr	4 000		1 500
6740	Frikjøp tillitsvalgte e. avtale	85 000	86 547	100000
6800	Kontorrekvisita	0	0	0
6803	Datarekvisita	500		500
6840	Aviser og abonnementer kontoret	1 000	9 567	10 000
6841	Faglitteratur	0	0	0
6890	Diverse kontor- og adm.kostnader	1 000		1 000
	Sum	**91 500**	**96 114**	**113 000**
7110	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftsfri	3 000	4 642	5 000
7111	Passasjertillegg	500	1 008	1 500
7112	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftspliktig	500	703	800
7142	Flybillettar	6 000	0	2 000
7143	Andre reiseutgifter	6 000	9 680	6 000
7144	Hotell	5 000	519	1 000
7161	Diett utan overnatting	0	0	0
7170	Leige kurslokale/møterom	5 000	4 094	5 000
7171	Bevertning ved møter	85 000	105 465	110 000
7172	Deltakeravgift møter/ kurs	0	0	0
7190	Andre kurs/møte kostnader	2 000	8 882	5 000
7146	Kost etter regning		0	
7320	Annonser-markedsføring	2 000	1 155	2 000
7321	Profileringsmateriell	15 000	18 602	15 000
7420	Støtte andre organisasjoner	6 000	5 844	6 000

7790	Streikekostnader	0	0	0
7422	Representasjon, gaver	18 000	32 580	18 000
	Sum	**154 000**	**193 174**	**177 300**
	DRIFTSRESULTAT	**-26 602**	**-17 125**	**-10 794**
	FINANSINNTEKTER OG KOSTNADER			
8040	Renteinntekter bank	-200	-84	-200
8171	Bankgebyr	200	243	300
8173	Smådifferanser, diverse	0		0
8962	Dispon. årsresult fri egenkapital	0	0	0
	Sum Finansposter	**0**	**159**	**100**
	Ordinært Resultat før skatt	**-26 602**	**-16 966**	**-10 694**
	Ordinært Resultat	**-26 602**	**-16 966**	**-10 694**

Oppdatert m /endelege tal frå fylket.